Villreinnemnda for Rondane og Sølnkletten

PROTOKOLL FRÅ E-POSTBEHANDLING I AU

oktober 2026
Deltakare: Solvår Brustad Lilleeng, Bjørner Killi, Britt Thorshaug Granrud og Ivar Skramstad

SAKER:	
2026/65	**Rendalen kommune – Temaplan naturmangfold 2026-2036**
2026/66	**Hamar kommune – bygging av landbruksveg i Vang allmenning**

2026/65 Rendalen kommune – Temaplan naturmangfold 2026-2036

SAKSOPPLYSNINGER

Rendalen kommune har utarbeidd ein temaplan for naturmangfald med tilhøyrande handlingsplan. Formålet med planen er at det skal gje kommunen eit betre kunnskapsgrunnlag om naturverdiane i Rendalen, styrkje omsynet til naturmangfald i forvaltning og planlegging og at ein etablere ein handlingsplan for vidare arbeid. Rendalen kommune har areal som omfattar Sølnkletten og villreinen som lever der. Arealet i Rendalen kommune som Sølnkletten-reinen kan nytte er utan hyttebygging, vegar og DNT-stigar. Ein temaplan er ikkje juridisk bindande, men rettleiande for kommunen sitt vidare arbeid.

VURDERING

Sølnkletten villreinområde er eit viktig villreinområde og Rendalen kommune omfattar deler av dette leveområdet. Det er difor viktig at planen vurderer dette opp mot å ta vare på samanhengande og funksjonelle leveområde.

Villreinnemnda ser positivt på at kommunen har utarbeidd ein eigen plan for naturmangfaldet og at omsynet til villrein er tillagt vekt. Planen løftar fram betydninga av større samanhengande naturområde i Hanestad vestfjell – som er ein del av villreinen sitt leveområde i Sølnkletten.

Nemnda er positiv til at planen peikar på arealendringar, hytteutbygging, ferdsel og motorisert aktivitet som viktige påverknadsfaktorar for villrein. Planen syner og til at Sølnkletten villreinområde har middel måloppnåing etter kvalitetsnormen og at det er vedteke ein felles sti- og løypeplan for området i fellesskap med nabokommunane. Formålet med fleire av tiltaka er å betre villreinen sine levekår og bidra til at ein oppnår god kvalitetsnorm. Det er positivt at kommunen setter søkelys på dette gjennom plan og tiltak. Dette følgjer opp kvalitetsnorm for villrein og Stortingsmelding 18 (2023-2024) og dei tydelege føringane frå nasjonale myndigheiter.

Villreinnemnda vil likevel understreke at villreinomsynet kunne fått ein enda tydlegare plass i planarbeidet. Erfaring generelt frå nasjonale villreinområde syner at den største utfordringa ikkje er enkeltinngrep aleine, men den samla belastinga av alle små tiltak og gradvis oppsplitting av leveområde. Nemnda meiner difor at kommunen i oppfølginga av planen må leggje særleg vekt på å unngå nye tiltak som kan redusere samanhengen i villreinområda eller svekkje viktige trekk- og funksjonsområde.

Nemnda støttar målet om å hindre ytterlagre reduksjon av inngrepsfrie naturområde (INON). Slike område har særleg verdi for villreinen, og planen seier at fleire av dei største og mest samanhengande INON-områda i kommunen ligg nettopp innanfor villreinområde.

Vidare er nemnda positiv til dei tiltak som er foreslått knytt til oppfølging av sti- og løypeplanen. Nemnda meiner det er avgjerande at framtidig tilrettelegging for friluftsliv, reiseliv og motorferdsel vert vurdert opp mot omsynet til villreinen sin arealbruk gjennom heile året.

Villreinnemnda for Rondane og Sølnkletten ynskjer gjerne å vere høyringspart saker som gjeld Sølnkletten og vil gjerne bidra som høyringspart i arbeidet med revidering av sti- og løypeplan.

Nemnda ser og at Rendalsreinen blir grundig omtala i planen, men det er utanfor nemnda sitt mandat, og vurderingane er knytt til Sølnkletten villreinområde.

FORSLAG TIL VEDTAK

Villreinnemnda for Rondane og Sølnkletten ser at Rendalen kommune har gjort eit godt arbeid med temaplan for naturmangfald. Nemnda vil oppfordre til å halde fram med å ikkje legge til rette for ferdsel i Sølnkletten villreinområde og at kommunen legg omsynet til villreinen til grunn i arbeid med både kommuneplanen sin arealdel, reguleringsplanar, motorferdselforvaltning, sti- og løypeplan og anna arealplanlegging som kan påverke villrein sine leveområde.

BEHANDLING I AU

Sekretariatets forslag til vedtak einstemmig vedtatt.

VEDTAK

Villreinnemnda for Rondane og Sølnkletten ser at Rendalen kommune har gjort eit godt arbeid med temaplan for naturmangfald. Nemnda vil oppfordre til å halde fram med å ikkje legge til rette for ferdsel i Sølnkletten villreinområde og at kommunen legg omsynet til villreinen til grunn i arbeid med både kommuneplanen sin arealdel, reguleringsplanar, motorferdselforvaltning, sti- og løypeplan og anna arealplanlegging som kan påverke villrein sine leveområde.

2026/66 Hamar kommune – bygging av landbruksveg i Vang allmenning – uttale

SAKSOPPLYSNINGER

Vang allmenning har sendt søknad om bygging av landbruksveg til Hedemarken landbrukskontor, saka er no sendt på høyring. Tiltaket omfattar utskifting av bru over Kvannbekken og erstatte dagens bru med kulvert over Svartbekken (Figur 1 og 2). Begge tiltaka

ligg rett nord for Åsta i Vang allmenning. Det blir opplyst at begge tiltaka ligg i villreinområde. Bakgrunnen er at bruene er i svært dårleg tilstand og må skiftast ut.

Ved Svartbekken skal også vegen byggast opp noko, langs ein omtrentleg 100 meter lang strekning for å få betre overdekning. Det skal også anleggjast massetak tilknytt denne strekninga, og det er anslått at 150m3 blir henta ut.



Figur 1: Lilla firkant midt i bilde er omtrentleg plassering av tiltaket. Rena i aust og Sjusjøen i vest.



Figur 2: Zooma inn på lokaliteten. Til venstre ligg Svarttjernet, med tiltak skravert i lilla og til høgre over Kvannbekken ligg tiltak nr 2, over Kvannbekken. Åsta renn sør, og rett utanfor kartutsnittet.

Forholdet til Regional plan for Rondane-Sølnkletten

Vegen ligger det som regional plan for Rondane og Sølnkletten kallar buffersone, sone 2 (figur 3).

Regional plan har følgande generelle retningslinjer for utbetring av landbruksveg:

"Landbruksveger behandles etter Landbruksdepartementets forskrift om landbruksveier. Der vegutbedring eller nybygging av veg er nødvendig for landbruket eller andre næringer i et område, skal det gis veiledning i planlegging med sikte på å komme fram til landskapsmessige og økonomisk akseptable løsninger.

Ved behandling av søknad om landbruksveger inn mot nasjonalt villreinområde (sone 1) skal det vurderes om det er behov for å sette vilkår om stenging av vegen med bom for allmenn ferdsel i hele- eller deler av året"



Figur 3. Kartutsnitt frå regional plan for Rondane og Sølnkletten. Lilla skravur er omtrentleg plassering av tiltaka.

Villreinens arealbruk

Arealbruken av området er registrert med GPS-merka villrein (figur 4 og 5) og det er eit viktig trekkområde for reinen til dei sørlege myrområda i Hamar og Ringsaker. Områda sør før Åsta blir mykje brukt sommarstid. Området i og rundt er og registrert som kalvingsområde for villreinen (figur 6). Skal sesongtrekket mellom dei nordlege og sydlege delene av Rondane sør oppretthaldast må reinen kunne passere dette området. Difor er dette trekkområdet svært sårbart.



Figur 4. GPS-posisjonar 2009-2026 av merka villrein. Raud skravur er omtrentleg plassering av tiltaket, med Bringbusætra til venstre.



Figur 5. GPS-posisjonar 2009-2026 av merka villrein. Raud skravur er omtrentleg plassering av tiltaket.



Figur 6. Villreinen sitt leve-, kalving- og trekkområde. Lilla prikk er området for omsøkt tiltak.

Nemndas praksis i tilsvarande saker

Tilsvarande saker som har vore til handsaming har i all hovudsak omfatta bygging av ny landbruksveg. Her er villreinnemndene i større grad gitt anledning til å foreslå vilkår for å godkjenne bygging av ny veg. Då denne saken dreier seg om oppgradering av eksisterande bruer blir ikkje dei same verkemidla tilgjengeleg.

VURDERING

Området er god kjent som eit viktig trekkområde for villrein.

Tiltak 63 i tiltaksplan for Rondane villreinområde er trekket over Åsta ved Bringbusetra trekt fram som eit område der ferdsel må overvåkast. Dette då trekkpassasjen er svært smal og viss denne trekkpassasjen blir broten blir viktige sommarområder truleg ikkje tilgjengeleg for villreinen. Det er viktig at området forblir roleg og fredeleg.

Arbeidet må ikkje utførast i villrein si kalvingsperiode eller i periodar der området fungerer som trekk- eller opphaldsområde. Alt arbeid med oppgradering bør unngåast i hekke- og yngletida. Villreinnemnda vil difor vere svært tydeleg på at oppgradering av vegen må skje på ein så skånsam måte som mogleg, dette knytt til periode på året og lengda på arbeidet. I sak knytt til bygging av veg som villreinnemnda handsama i januar 2025 i same område, blei det sagt at bygging ikkje skal skje i perioden 1.april til 1.juli og ikkje i perioden 15.september til 5.november og ber om at det blir stilt same vilkår her.

Villreinnemnda ber og om at tiltaket blir vurdert etter naturmangfaldslova §§ 8-12.

FORSLAG TIL VEDTAK

Villreinnemnda har forståing for bruene i området må oppgraderast, men utifrå eit villreinperspektiv og betydning av dette viktige trekkområdet er det lite ynskjeleg med aktivitet

her. Villreinnemnda ber om at anleggsvirksomheten blir gjort så skånsam som mogleg med tanke på forstyrringar knytt til dette viktige trekkområdet.

Anleggsarbeidet i samanheng med oppgradering av bruene må ikkje skje i perioden 1. april og 1. juli og ikkje i perioden 15.september og 5.november.

Villreinnemnda ber og om at tiltaket blir vurdert etter naturmangfaldslova §§ 8-12.

Villreinnemnda ber om å få kommunen sitt vedtak tilsendt.

BEHANDLING I AU

Sekretariatets forslag til vedtak einstemmig vedtatt.

VEDTAK

Villreinnemnda har forståing for bruene i området må oppgraderast, men utifrå eit villreinperspektiv og betydning av dette viktige trekkområdet er det lite ynskjeleg med aktivitet her. Villreinnemnda ber om at anleggsvirksomheten blir gjort så skånsam som mogleg med tanke på forstyrringar knytt til dette viktige trekkområdet.

Anleggsarbeidet i samanheng med oppgradering av bruene må ikkje skje i perioden 1. april og 1. juli og ikkje i perioden 15.september og 5.november.

Villreinnemnda ber og om at tiltaket blir vurdert etter naturmangfaldslova §§ 8-12.

Villreinnemnda ber om å få kommunen sitt vedtak tilsendt.